



Det går unna i Øvre Halsane. Det første huset er no tett.

**Byggjeaktivitetetn er som kjent stor i bygda for tida. No er det første huset i byggefeltet i Øvre Halsane reist, og tett. Det er Konstane Tveit som skal ha dette huset. Etter å ha snakka med Erlend Bjørnebølet som er ein av dei som står bak dette feltet, skjønar vi at det vert god aktivitet i tida framover.**

Erlend Bjørnebøle fortel at i tillegg til huset som no er reist, kjem det ein tomannsbustad der løa til Inger Lise Helgeland står no.

I byggjesteg 1 kjem det i tillegg 3 einebustader like ovanfor. Desse er selt, og to av dei startar gravearbeidet med det aller første. Det blir ei fin blanding av barnefamiliar og eldre i feltet som har ei fantastisk utsikt ut fjorden. Når dei startar på byggjesteg 2, vert det og mange flotte utsiktstomter å velja i.



Huset ligg fint til, med flott utsikt, ved sida av bustaden til Helge Myklebust og Anita Fatland  
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland